

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Merknader til referatet må sendast til arve.uthaug@uib.no seinast 25. november 2016.

Dato: onsdag 16. november 2016

Stad: Seminarrom 217 i andre høgda av HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk), Åsta Haukås (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar).

Frå gruppe B: ingen

Frå gruppe C: Hild Meland Rød

Frå gruppe D: Lars Ask og Birgitte Vågnes Bakken.

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Fransk kunne ikkje stilla representant p.g.a. kollisjon med undervisning og utanlandsreiser.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 19. oktober 2016

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. På grunn av ressursituasjonen er det i 2016/2017 ingen koordinator for fagdidaktikk ved instituttet. Men ordninga med felles fagdidaktikk-koordinator vil bli teken opp att seinare.

Sak 4 – Høyringsfråsegn HF2018

Åse Johnsen viste til at ho i denne saka har ei dobbeltrolle sidan ho både er instituttleiar og medlem av fakultetet si styringsgruppe for HF2018. Ho har prøvd å leggja høyringsframlegget til instituttrådet så nær opp til innspela frå einskildfaga som råd.

I rådsmøtet kom det følgjande endringar til høyringsframlegget:

- Frå russiskfaget er det kome inn nokre justeringar av høyringsinnspelet faget sende innan fristen. Fråsegna frå instituttet blir justert i tråd med dette.
- Haukås etterlyste avklaringar som gjeld lektorutdanninga. Ho formulerer nokre setningar om dette, som blir tekne inn i høyringsfråsegna.
- Bakken vil ha presisert at det er ulike oppfatningar av om fellesemnet på 100-nivå skal utviklast av IF eller AHKR, og kva for historiske emne som skal tematiserast i eit felles historieemne.
- Bakken meinte at dei 15 studiepoenga som i dag er dekkja av SAK-emnet på masternivået på fransk, ikkje bør flyttast til andre fag enn franskfaget dersom SAK-emnet skulle bli lagt ned.
- Rød sender inn eit avsnitt om konsekvensane av HF2018 for studierettleiar-gruppa. Avsnittet blir lagt inn i høyringsfråsegna.
- Haugland etterlyste at instituttet i innleiinga tydelegare strekar under eigenarten ved faga og krava til fagleg og språkleg innhald. I tillegg ønskte ho å flytta lenger fram avsnittet der

instituttet etterlyser ei utgreiing av dei økonomiske konsekvensane av den nye modellen. Haugland kan senda inn justeringar i teksten til instituttleiari.

- Elles vart det presisert at det ikkje i og for seg er snakk om ei misnøye med at nokre fag slepp å ta inn fellesemne i studieløpet sitt. Misnøya rettar seg mot at det blir *gjort skil på faga*, dvs. at nokre fag må ta inn fellesemne, andre ikkje.
- Haugland peikte på det tautologiske i siste del av denne setninga: «Italiensk er kun i liten grad et fag i norsk videregående skole og dersom studentene skal komme opp på et godt språklig nivå i sin BA-grad er det viktig med gode språkkunnskaper.» Setninga blir omformulert til: «(...) og dersom studentene skal komme opp på et godt språklig nivå i sin BA-grad, er det viktig med så mye undervisning på fremmedspråket som mulig».

Vedtak (samrøystes): Rådet sluttar seg til framlegget til høyringsvedtak frå instituttleiari, med dei endringane som vart gjorde i møtet, eller avtalt sende inn etter møtet. Den justerte høyringsfråsegna blir sendt ut til rådsmedlemane før ho blir sendt vidare til fakultetet.

Sak 5 – ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef